



Døslandpia gjorde det skarpt

Døslandpia har gjort mange fine løp siste halvåret. Rett nok var den uheldig i forrige løp. Då gjekk den kanskje sitt aller beste løp til no, men den var påkjørt av ein annan hest, og det forhindra topplassering. Torsdag var Pia tilbake på Bergen Travpark. Med kusken Øyvind Austevoll i sulkjen gjekk ho eit nytt, flott løp. Eigarane, Gudrun og Halvard Døsland, var svært fonøge etter tredje plassen ho innkasserte.

Eigarane var svært spente før løpet. Hestane vert plassert i løp på grunnlag av kor store premibeløp dei har trava inn. Pia har no kome opp i ein premiesum som gjer at ho gjekk opp ein klasse. Dermed var motstanden hardare i dette løpet enn det den har vore tidlegare.

Pia takla den sterkare motstanden godt. Ho gjekk eit flott løp og forbetra den personlege bestetida si med 2 sekund til 1.33.4.

Det var og meininga at Magne og Anne Berit Huglen sin varmblodshest, Alley Star, skulle ha debutert torsdag. På grunn av ein liten skade vart debuten utsett. – Mange kuskar ville nok kjørt løpet, men Øyvind Austevoll er ein flott kusk som tar godt vare på dyra. Han vil vera føre var. Derfor utsette han debuten sjølv om det berre er snakk om eit lite sår på eine foten, fortell dei to hesteeigarane. Dermed er det no meininga at Alley Star skal debutera 3. mai. Då skal også Døsslandspia etter planen ut i nytt løp.

Av Thor Inge Døssland